

ÅRSPLAN

Syverplassen barnehage

2025-2027



Innleiing:

Syverplassen barnehage har sin eigen årsplan, utforma med hjartelag og fagleg tyngde. Den skal vere eit levande dokument, eit verktøy som omsette orda i «Lov om barnehagar» og «Rammeplan for barnehagar» til praktisk handling med kvart enkelt barn i vår barnehage.

Årsplanen er først og fremst til støtte for dei som arbeider her – den skal ligge til grunn for kvar månadsplan og gi retning til dei meir detaljerte vekeplanane som formar den daglege kvardagen for borna. Samtidig er planen ei viktig kjelde til innsikt for føresette og kommuneleiinga, og den viser korleis vi i Syverplassen skapar eit trygt, utviklande og inkluderande miljø for borna våre.

I årsplanen finn du satsingsområda for barnehagane i Hareid, og den speglar innhaldet i «Handlingsplan for trygt og godt barnehagemiljø i Hareid». Verdiane frå Rammeplanen dannar grunnmuren vår, og vi strekkjer oss kvar dag etter å skape eit miljø der kvart barn vert sett, høyrte og respektert—eit varmt og inkluderande læringsfellesskap der små steg blir store og alle vert tekne på alvor.

Språk og leik er viktige nøklar til inkludering i fellesskapet. Når born leikar og samtalar med andre, byggjer dei relasjonar, utviklar forståing og opplever å høyre til.

Denne planen gjeld for barnehageåra 2025–2029.



Syverplassen barnehage 03.07.2025

Vil du verte kjent med Syverplassen barnehage?



Sjå haren!

Med dei lange, lyttande øyrene fangar han alle lydar rundt seg.

Han er nysgjerrig, alltid på vakt, klar til å utforske verda med opne auge og eit ope sinn.

Han møter det ukjende med glede og godheit – akkurat slik vi ønskjer barnehagen vår skal vere.

Musikal som årsprosjekt – eit år med rytme, rolle, fantasi og lek

I Syverplassen barnehage har vi valt **musikal** som vårt felles årsprosjekt. Dette blir ein raud tråd gjennom heile barnehageåret, og vil påverke valet av tema, arbeidsmåtar og innhald i dei ulike fagområda. Med musikal i sentrum får borna moglegheit til å uttrykke seg gjennom *forteljingar, formingsaktivitetar, song og musikk, dramatisering, språkutvikling og lek*. Gjennom fargar, rytme, replikkar og roller får borna både bruke fantasien og oppdage nye sider ved seg sjølve.

Prosjektet opnar for å utforske språk og kommunikasjon gjennom musikk og dramatikk, og legg til rette for samspel, medverknad og kreativ utfolding – alt i tråd med *Rammeplan for barnehagar*. Dette grip direkte inn i korleis vi arbeider med dei 7 fagområda, og gjer det lettare å jobbe tverrfagleg med engasjerande aktivitetar.

Vi trur på respekt, samarbeid og mangfald. Gjennom musikalprosjektet får vi ei naturleg ramme der vi får vise fram det unike i kvar enkelt barn, løfte kvarandre fram og skape fellesskap gjennom musikk og forteljing. Musikalen blir ikkje berre eit prosjekt – den blir ei levande ramme for lek, læring og levande fantasi.

Musikalarbeid som grunnlag for læring og utvikling i barnehagen

Rammeplanen slår fast at barnehagen sitt innhald skal vere allsidig, variert og tilpassa enkeltbarnet og barnegruppa. Gjennom lek skal borna få utfalde skaparglede, undring og utforskartronge – noko vi tek på alvor. I vår barnehage ønskjer vi å utvikle arbeidet vårt vidare ved å skape nye innfallsvinklar til lek og læring, og eitt av tiltaka vi satsar på er å setje opp ein musikal.

Språk og kommunikasjon gjennom song og teater Musikalen gir eit naturleg rom for språkutvikling. Når borna øver på songtekstar og replikkar, får dei høve til å uttrykke seg munnleg, utvide ordforrådet og styrke kommunikasjonsevna. Det å formidle noko for andre krev både lytting, forståing og empati – og skapar viktige språklege møtepunkt. Musikk og rytme gjer det enklare for mange barn å hugse og bruke nye ord og uttrykk.

Medverknad i praksis Allereie frå starten av får borna vere med å påverke innhaldet i musikalen. Tilsette presenterer forteljinga på ein slik måte at borna vert motiverte til kreativitet. Då får dei kome med innspel til kva rolle dei vil ha, finne kostymer og lage kulissar. Dette er reell medverknad. Barnas stemme vert høyrd, og dei opplever at ideane deira betyr noko. Slik fremjar vi demokratiske verdiar og skaparglede.

Inkludering og fellesskap Å lage ein musikal er eit felles prosjekt der alle bidreg ut frå egne evner og interesser – anten dei vil stå på scena, lage kulissar eller lage rytmeinstrument. Vi legg stor vekt på at alle barn skal kjenne seg sett, høyrte og verdsett. Dette fremjar eit inkluderande miljø der alle har ein viktig plass.

Sosialt samspel og danning Gjennom samarbeidet som krevst for å lage ein musikal, får barna øve på å lytte, støtte kvarandre og vere tolmodige. Vi jobbar med å gi kvarandre rom og gode ord – noko som styrker både sjølvkjensle og empati.

Leik som metode og meistringsarena Heile musikalarbeidet er tufta på leik. Det gjer at borna kan utforske ulike roller og uttrykk, teste grenser og kjenne meistring. Vi gir særleg rom for sansemotorisk leik og kreative aktivitetar for dei yngste, og støttar deltaking gjennom glede og tryggleik.

Ei felles oppleving til slutt Målet vårt er ikkje berre ei framsyning, men ein varm og meningsfull prosess der barna får vekse – saman. Musikalen blir ei ramme for vennskap, sjølvtilit, samhald og kreativ utfolding. Når barn og tilsette jobbar mot eit felles mål, vert verdiane i rammeplanen levande i praksis.

Dette gir eit godt utgangspunkt for eit **trygt og godt læringsmiljø**, der stemmene til borna vert høyrde og der vi i lag med føresette byggjer **eit inkluderande og støttande fellesskap**.



Satsingsområde - eit trygt og godt læringsmiljø.

Når eit nytt barn byrjar i barnehagen for aller første gong, er det viktigaste målet å byggje ein trygg og god relasjon til barnet. Kvar einaste tilsett i avdelinga må arbeide medvite for å nærme seg kvart barn på ein varm og omsorgsfull måte, slik at barnet kjenner seg trygg og velkommen.

Vi skal ikkje gje oss før vi ser at alle tilsette har fått ein nær og god relasjon til kvart enkelt barn. På same vis er det viktig at vi blir godt kjende med både borna og dei føresette, slik at vi har god oversikt over kva barnet treng, kva behov det har og kva dei likar å gjere.

Vi skal vere opne og nysgjerrige, og vise ekte interesse for det borna er opptekne av – både heime og i barnehagen. Når vi har etablert ein god relasjon og har fått oversikt og forståing, står vi rusta til å vere trygge og autoritative tilsette i barnehagen.

Barnehagen og lokalmiljøet – ramma for utvikling

Lokalmiljøet er ramma rundt barn si utvikling – ein stad der dei knytter venskap, utforskar verda og finn sin plass i fellesskapet. Barnehagen, skulen og SFO gir rom for sosialt samspel, der barn, uansett bakgrunn og interesser, får utvikle seg saman med jamaldringar.

Kven vi er, vert forma av dei verdiane vi omgir oss med. Som tilsette påverkar våre haldningar korleis vi ser og møter borna. Vi må vere stolte av mangfaldet og anerkjenne at ulike livsveggar er like verdifulle.

Barn er ikkje berre små menneske – dei er medmenneske med eigne tankar, ønskjer og behov. Å respektere deira perspektiv betyr å lytte, anerkjenne og ta erfaringane deira på alvor.

Ekte deltaking handlar om å gi born reelle valmoglegheiter, slik at dei kan oppleve seg som aktive medlemmar i fellesskapet. Når vi lyttar og gir dei ansvar, legg vi grunnlaget for tryggleik, meistring og ei sterk kjensle av tilhøyring.

Barn si stemme i kvardagen

Av og til ønskjer tilsette å bestemme ting for borna, men kanskje born har eigne tankar om kva som er best? I staden for å anta, kan vi heller spørje: "Kva tenkjer du om å gjere det slik eller sånn"?

Born både vil og skal få medverke i sin eigen kvardag. Dei har gode idear og eigne ønskjer, og det er viktig at vi lyttar og tek dei på alvor.

Som tilsette må vi balansere omsorg med barn sin fridom til å påverke kvardagen sin. Å lytte til borna og gi dei reelle valmoglegheiter styrkar fellesskap og meistring.

Saman skapar vi eit trygt og støttande fellesskap

Føresette og tilsette spelar ei nøkkelrolle i barn si utvikling. Når vi står saman, byggjer vi eit miljø der kvart barn kan vekse, utforske og kjenne seg trygg. Tenk deg krafta i eit godt samarbeid! Når vi har felles krav, like forventningar og reagerer på liknande vis, gir vi borna ei verd der dei veit kva dei kan vente seg – ei verd som styrkar deira tryggleik og meistring. Gjennom støtte, respekt og eit felles engasjement, skapar vi ikkje berre ein god kvardag, men ein grunnmur for framtida.

Men i iveren etter å skjerme borna frå motgang, risikerer vi å oppdra ein generasjon som ikkje er rusta til å møte livets opp- og nedturar. Dei må få trening i både meistring og nederlag. Difor må vi våge å stille krav, setje grenser og tole opprør og sterke kjensler. For at barna skal lære å tole sine eigne kjensler, må vi gje barna rom til å utforske verda – og snuble litt – med hjelp frå oss..

I Syverplassen skal vi bygge flest moglege trygge barn i eit mangfald og inkluderande språk og leikemiljø.

Språk: Dei første barneåra legg grunnlaget for resten av livet, og språkutviklinga er tett knytt til deltaking i ulike aktivitetar. Barn utviklar omgrep gjennom kvardagslege erfaringar og læringssituasjonar. Eit rikt ordforråd i barnehagealder styrkjer både lese- og skriveopplæringa, og gir ei kjensle av meistring.

Språket er avgjerande for å kunne delta i leik, som blir meir kompleks etter kvart som borna blir eldre. Gjennom leiken skjer det kognitiv, språkleg, motorisk og sosial læring. Som tilsette må vi støtte borna inn i leiken ved å vere interesserte og nysgjerrige på det dei er opptekne av.

I praksis betyr dette at vi må vere «logga på» – heile tida. Ein eitt-åring kommuniserer med lydar, blikk, mimikk, kropp og nokre få ord. Det er vårt ansvar å fange opp desse signala og svare med ord og setningar. Når barnet held ein bil og seier «brrr», kan vi svare: «Eg ser du har ein bil!» Barnet ser på oss, og vi held fram: «I dag køyrde eg bilen min hit til barnehagen.» Barnet smiler. Vi prøver vidare: «Sat du i bilen med pappa i dag?» Barnet ser litt betutta ut. «Eller var det mamma som følgde deg i dag?» Barnet ler. Då veit vi at vi traff blink! Så tek vi ein bil sjølv og seier: «Kom, skal vi køyre til butikken og handle?» Og vips – så er vi midt i ein språkstimulerande leiketур til nærbutikken.

For ein treåring kan ein liknande situasjon involvere fleire born. Då må vi som tilsette vere kreative språkarkitektar: Vi tilfører fakta, lette og vanskelege ord, og kanskje ein jobb til eit barn som har lyst til å vere bensinstasjonsarbeidar, politibetjent eller butikkmedarbeidar. Her er det berre fantasien – som set grenser.

Korleis dette vert gjort, vil naturleg nok variere frå avdeling til avdeling, avhengig av alder og ferdigheiter. Likevel er prinsippet det same: I alle aktivitetar skal vi vere tett på barna, sette ord på det vi gjer, og vere sensitive i kommunikasjonen med kvart enkelt barn. Vi må vere medvitne på å bruke språket aktivt – sette ord på alt vi gjer, lytte til barna og gi respons på det dei prøver å uttrykke.

Alle treng språk for å utvikle seg – også dei som ikkje brukar talespråk.


Når eit barn kommuniserer på andre måtar enn med stemma, brukar vi det som heiter **alternativ og supplerande kommunikasjon (ASK)**. Det betyr at vi legg til rette for at barnet kan uttrykkje seg med hjelp av symbol, bilete, teikn eller teknologiske hjelpemiddel.

For at barnet skal kunne bruke ASK, må det ha tilgang til ord – akkurat som vi andre har tilgang til ord når vi snakkar. I starten brukar vi ofte **tematavler**. Det er ark eller tavler med bilete og symbol som handlar om eitt bestemt tema, for eksempel «måltid», «uteleik» eller «kroppen».

Når vi brukar tematavler, **peikar vi og pratar samtidig** – det kallar vi gjerne «peikeprat». Vi peikar på symbola mens vi seier orda høgt. På den måten lærer barnet både kva orda betyr og korleis dei kan brukast.

Orda på tematavla er ofte det vi kallar **kjerneord** – ord som kan brukast i mange ulike situasjonar, som «vil», «meir», «ikkje», «kom», «sjå» og «hjelp». Ved å kombinere fleire symbol, kan barnet lage egne setningar og uttrykkje egne tankar.

ASK handlar ikkje berre om å forstå – det handlar om å bli forstått. Og det er noko alle barn har rett til.



Leik: Når barn leikar saman, øver dei seg på å samarbeide og vise omsyn. Dei må lytte til kvarandre, forstå kvarandre sine behov og finne sin plass i fellesskapen. Gjennom leiken lærer borna korleis dei kan vere saman med andre på ein god og inkluderande måte.

Å vere ein god leikeven handlar om å skape eit inkluderande og positivt miljø der alle kjenner seg velkomne. Det inneber å lytte til kvarandre, respektere dei ulike ønskja som oppstår i leiken og bidra til ei god stemning. Gjennom leik lærer borna viktige sosiale ferdigheiter, som å vente på tur, støtte og hjelpe kvarandre, og å vere ein oppmuntrande heilagjeng når nokon prøver noko nytt.

I leiken får borna også øve seg på å uttrykke egne ønskje og idear, for eksempel ved å seie: «Eg har lyst til å leike butikk!» eller «Kan vi late som vi er på sjukehus?» Leiken har ein dynamisk natur – den kan starte med å bygge ein bondegard og plutselig endre seg til å bli ei spennande jakt på ein tjuv som har rømt frå fengselet.. Å vere ein god leikeven inneber å følgje med på endringane, tilpasse seg og forstå at leiken er eit felles prosjekt der ingen alltid får bestemme åleine.

Dette perspektivet på leik hjelper borna med å utvikle samarbeidsevner, kreativitet og empati – viktige eigenskapar som dei vil ha nytte av gjennom heile livet.

Kva rolle spelar tilsette?

Vi skal møte borna med ekte glede, eit varmt blikk, ei støttande hand og eit blikk som seier «*Eg ser deg. Leiken din er viktig.*» Vi skal ikkje berre sjå på, men også vere aktive i leiken. Vi skal støtte, vise interesse og respekt for den livsviktige leiken. I samspel med andre barn skal vi øve på å samarbeide, kommunisere og løyse konflikhtar- alt dette er grunnsteinar i den sosiale kompetansen. Vidare skal leiken gje rom for kreativitet, fantasi og utforsking av ulike roller, slik at barn kan uttrykke seg fritt og finne sin identitet.

1-2-3-4-ÅRINGEN

Tilvenning og tilknytning. I barnehagen tek vi imot dei yngste med varme og varsemnd. Tilvenning er ei viktig tid der kvart barn skal få sleppe foreldrehanda i sitt eige tempo. Barna utviklar seg ulikt, og hos oss får dei tid og rom til å finne sin plass og bli trygge i nye omgjevnader. Tilknytning til nye omsorgspersonar tek tid, og relasjonane vert bygde gjennom lek, nærleik og god augekontakt. På småbarnsavdelinga er vi tett på, og vi er bevisste på å dekke borna sine grunnleggjande behov som mat, klede, søvn og kvile – alt med omsorg og fagleg tryggleik.

Språkleg, motorisk og sosial utvikling. Utvikling skjer på mange område – språkleg, motorisk, emosjonelt, kognitivt og sosialt. Vi skapar eit inkluderande miljø der borna vert møtte med støtte, ros og realistiske forventningar. Gjennom daglege rutinar som måltid øver vi på bordskikk, språkleg uttrykk og sosialt samspel. Vi seier «kan eg få», smakar på nye rettar og legg til rette for gode samtalar. Leiken får stadig ny form og dybde. Vi les lengre bøker, går på lengre turar og ser meir avansert lek blomstre fram.

Meistring og sjølvhjelp – ei trygg hand på vegen. Vi arbeider jamt for at kvart barn skal kjenne på meistring og vekse i tru på eigne evner. Sjølvhjelp står sentralt – både i daglege gjeremål og i det sosiale fellesskapet. Barna får øve seg på å kle av og på seg, smørje sin eigen frukost og forsyne seg ved middagstid.

Vi legg stor vekt på å styrkje sjølvkjensla og evna til samspel hos borna. Samstundes er vi til stades som trygge vaksne, klare til å møte behova deira med varme og forståing.



Når borna vert 5 år vert alle samla på ei avdeling til eit nytt år med endå meir glede og spenning.

5 - 6 ÅRINGEN

Etter kvart som borna vert eldre vil dei møte på nye og spennande oppgåver. For ein seksåring er dette ei tid der leiken framleis er ei viktig kjelde til læring, utvikling og sosial meistring. Seksåringen står ved eit nytt vegskilje – klar for å utforske meir strukturert samspel, ta del i felles aktivitetar og uttrykke eigne tankar og idear med større presisjon og fantasi. I denne alderen vert leiken eit kraftfullt verktøy for å fremje sjølvstende, identitetsbygging og forståing av verda rundt.

Fysisk aktivitet og kroppskontroll I gymsalen får borna øve på motoriske ferdigheiter, som hopping, rulling og kråkesprang. Målet er å styrke kroppskontrollen, balanse og koordinasjon, samt å gi borna ei positiv oppleving av fysisk aktivitet som grunnlag for livslang rørsleglede.

Språk og leseglede Gjennom regelmessige besøk på biblioteket legg vi til rette for at borna utviklar språklege ferdigheiter og leseglede. Vi fokuserer på forteljing, samtale og refleksjon, der borna får uttrykke eigne tankar og oppleve korleis litteraturen kan inspirere fantasi og undring.

Vann-aktivitet og meistring I symjebassenget får borna viktig erfaring med vatn som element, der tryggleik, meistring og glede står sentralt. Gjennom leik og tilpassa øvingar utviklar borna både mot og tillit til eigen kropp i vatn, noko som er ein viktig del av livsmeistring.

Sosialt samspel og livsmeistring Gjennom heile året jobbar vi aktivt med relasjonsbygging, samarbeid og meistringsstrategiar, slik at borna kan møte både medgang og motgang på ein konstruktiv måte. Dei får utforske korleis vennskap, kommunikasjon og konfliktløysing spelar ei rolle i den sosiale utviklinga.

Samlingsstunder og sosialt fellesskap I løpet av dagen har borna fleire samlingsstunder som skaper fellesskap og læring:

- Morgonsamling: Skaper samhald, førebyggjer mobbing, og gir borna felles forståing av dagen.
- IKT-samling: Storskjerm med bilete, video og musikk gir sansestøtte og betre forståing av ulike tema.
- Høgtlesing og skulebesøk: Fremjar språkutvikling og leseglede gjennom biblioteksturar og møte med eldre elevar.
- Solfest: Musikalsk og visuell framsyning der førskulebarna formidlar naturens skjønnheit.

Utforsking og læring Borna får utforske ulike tema gjennom spennande aktivitetar:

- Forskarfabrikken: Små grupper utforskar naturvitskap med eksperiment og aktivitetar.
- Matlaging: Lærer om matvarer, praktiske ferdigheiter og sosialt samspel gjennom matlagingsaktivitet.
- Tur til sløydrom: Første møte med trearbeid, der barna lærer ulike handverksteknikkar.

Kulturhistorie – Ei kjensle av stoltheit og tilhøyrle.

- **Ishavsmuseet Aarvak.** Eit unikt museum som formidlar sterke historier frå selfangst og livet i Ishavet. Borna får møte forteljingar om mot, slit og eventyrlyst, og blir kjende med dei som våga seg ut på det opne havet. Gjennom autentiske gjenstandar og dramatiske skildringar får dei eit nært møte med kvardagen til ishavsskutene og selfangarane. Opplevinga gir innsikt i norsk polarhistorie og vekker undring, refleksjon og respekt for dei som gjekk føre. Slike møter med historia styrker både identitet og evne til å sjå samanhengar mellom fortid og notid.
- **Hqðr-Hjørungavåg Vikingsete,** ein stad for formidling av vikingtida, kultur og vår nasjonale arv. Her får borna lære om lokal historie, styrke identiteten sin og kjenne tilhøyring til nærmiljøet. Gjennom sansar får dei ta del i vikinglivet – sjå, kjenne og vere med på kvardagslege aktivitetar. Dei får leike som vikingar, lage pil og boge, smykke med runer og smake på vikingmat. Aktivitetane fremjar sosiale ferdigheiter, kommunikasjon og evne til å løyse problem. Å lære gjennom praktisk erfaring gjev både betre hukommelse og ei kjensle av meistring.



Vikinghuset i Hjørungavåg



Ishavsmuseet Aarvak

VERDIGRUNNLAGET VÅRT

Rammeplanen for barnehagar - seier desse verdiane ligg til grunn for ein god barndom

Omsorg:

- Syne omsorg ved å lytte til behova til barnet, støtte når det er trist eller sint, tilby eit fang og vere til stades med tid og nærleik.

Tryggleik:

- Bygge gode og varme relasjonar til kvart barn, slik at det kjenner seg trygt og veit det kan kome til oss når det treng det. Dette gjer vi ved å bøye oss ned, få augekontakt og vise ekte varme og glede i samspel med barnet. Vi gir tydelege beskjedar slik at barnet veit kva det skal gjere.

Tilhøyrsl:

- Syne barnet at alle stemmer er viktige, og på den måten bygge tillit og tryggleik. Alle borna skal kjenne at «her høyrer eg til».

Anerkjenning:

- Bekrefte barnet ved å seie «eg såg», «eg høyrde» eller «eg forstår», slik at barnet veit det har blitt sett og høyrte. Vi skal oppmuntre og anerkjenne gode handlingar barnet gjer overfor andre.

Mangfald og gjensidig respekt:

- Gi kvart barn anerkjenning, uavhengig av kjønn, utsjånad eller bakgrunn.
- Vi ønskjer å formidle at mangfald er verdifullt, og å skape eit miljø der vi tek vare på kvarandre og heiar på kvarandre.

Likestilling og likeverd:

- Alle borna skal kjenne at dei er gode nok som dei er, og at alle har same verdi.
- Vi roser barna for det dei prøver, øver på og meistarar.

Livsmeistring og helse:

- Gi borna sunn og næringsrik mat, og la dei vere med på dyrking og matlaging.
- Tilsette skal vere leikande og tilføre humor og utfordringar i leiken.
- Tilsette skal stille realistiske, fysiske krav og gi naudsynt støtte, slik at borna får øve seg på å takle både medgang og motgang, og få kjenne på meistring.

Demokrati:

- Gi borna høve til å delta, ytre seg og bli høyrde. Lytte til barna slik at dei opplever at det dei seier blir teke på alvor og at dei har påverknad på det som skjer i barnehagen.

Alle tilsette skal hugse verdiane våre i alle daglege situasjonar.

Verdigrunnlaget vårt er den viktigaste styringsreiskapen vi har i det direkte arbeidet med borna. Det gjeld sjølvsagt i leik, men også i morgonmottak, måltid, bleieskift/toalettbesøk, samlingar og av- og påkledning. I dei stundene er kvar tilsett tett på kvart enkelt barn. Då er det særskild viktig å vere medviten om at dette vesle barnet er eit medmenneske og møte barnet med respekt. Berre slik vil vi styrke den tilliten vi har bygd opp mellom oss

Mottak/ henting:

Personalet skal ta i mot barn og føresette på ein god måte. Kvart barn skal kjenne seg velkomen, og barnet skal kjenne at det er godt å vere «akkurat meg»

- Personalet skal så langt råd vere i garderoben og ta i mot/ta avskjed med barn og føresette. Om morgonen skal vi bøye oss ned, smile, få augekontakt med barnet, seie namnet og vise ekte glede over å sjå «deg».
- Når borna vart henta skal vi ha fokus på positive tilbakemeldingar og fortelje om ei god hending i dag eller noko som skjedde dagen før.
- Vi skal hjelpe barnet inn i leik og avslutte leiken når det trengs.

Måltid:

Personalet skal syte for god stemning og atmosfære rundt måltidet. Vi skal site i lag med borna og legge til rette for språkutvikling og medverknad gjennom god dialog og kommunikasjon barn-barn og barn-vaksen.

- Personalet skal seie namnet på kvart barn ved bordet i kvart måltid. Det er med på å sikre at alle barn er deltakande og får merksemd.
- Borna får øve seg i å smørje brødskiva si sjølv og å fylle glasert sitt med drikke
- Borna skal øve seg i god bordskikk som t.d. å byrje setningane med: «Kan du sende meg», og «kan du hjelpe meg».
- Vi har fokus på god og sunn mat og kjeldesortering som ein del av ei berekraftig utvikling.
- Det skal ligge ASK- tematafle på bordet til hjelp i kommunikasjon.

Bleieskift/toalett:

Dette skal vere ei stund fylt med kjærleik, merksemd og samspel,- slik at barnet kjenner; «no er eg verdens viktigaste». Tilsette skal vere sensitive i kommunikasjon.

- Dette skal vere ei god og roleg stund der vi har fokus på det enkelte barn. Vi skal snakke og ha augekontakt ved bleieskift.
- Vi skal sette ord på det vi gjer.
- Bruke ASK-handlingsrekke ved handvask og bleieskift.
- Vise respekt for at barn vil vere åleine eller ha ein tilsett i lag med seg.

Morgonsamling/Samling: Skal vere ei stund fylt med undring, glede og humor,- og ved hjelp av dagtavle, skal borna få oversikt over dagen.

- Borna sit slik at den som har samlinga, har augekontakt og samspel med alle
- Vi skal bruke ASK og dagtavle; Borna får oversikt over dagen i dag og over deling av grupper. Ordensbarn ser på tavla og les opp alle namna.
- Lytte til borna sine innspel/historier/og det dei er opptekne av akkurat no.

Av og –påkledning: Bruke tid i lag, bli sett, lytta til og få oppleve meistring. Borna skal få trene på å kle på seg og av seg sjølve. Dette skal tilpassast alder og funksjonsnivå.

- Vi har dialog med borna om kva kle dei skal ha på seg. Bruke ASK-handlingsrekke som støtte.
- Sette ord på handlingar og ting som motiverer for språkutvikling.
- Legge til rette for samtale, vere nysgjerrig og lyttande/sensitiv i kommunikasjon
- Gje tid til samhandling mellom barn; barn kan hjelpe kvarandre.



Døme på korleis vi jobbar med dei 7 fagområda Rammeplanen

Fagområda	1-2 år	2-3 år
Kommunikasjon, språk og tekst	- Gje respons på namn og ansiktsuttrykk - Leikar med «bø-titt»-leik og enkle sosiale leikemønster - Bruke bilete, konkreta og peiking som del av kommunikasjon - Rim, reglar og sansekasse gir språkleg stimulering - Tilsette set ord på handlingar og omgjevnader	- Bruke peikebøker, korte forteljingar og flanellograf - Rim, regler og songstunder som språkleg stimulans - Symbolleik: t.d. kloss som bil - Fokus på lengre setningar og preposisjonar - Leik med bevisst bruk av språk gjennom heile dagen
Kropp,rørsle,helse	- Bruke daglege rutinar som måltid og stell som læringsarena - Øve på rulling, kryping og gåing – både inne og ute - Sansemotorisk leik: kjenne, smake, lytte, lukte - Turar kvar veke, hinderløype	- Kaste ball, klatre, hoppe og springe - Øve på sjølvhjelpsferdigheiter som: ete sjølv, vaske hender, kle på seg - Sansemotorisk stimulering: skru på knappar, bruke småleiker - Tur kvar veke - Hinderløype
Kunst, kultur og kreativitet	- Rabling på store ark, sanseleik og lytteøvingar - Fingermåling og bruk av plastilina - Musikalsk utfolding gjennom song, rørsle og dans	- Maling, fantasileik, utkledding og dramatisering - Leik med musikk, dans og rytme
Natur,miljø og teknikk	- Går på turar for å sjå, lukte og oppleve naturen - Leike i sandkasse, undre seg saman med tilsette - Kjeldesortering som introduksjon til miljømedvit	- Går på turar for å sjå, lukte og oppleve naturen - Leike i sandkasse, undre seg saman med tilsette - Kjeldesortering som introduksjon til miljømedvit
Etikk, religion og filosofi	- Tek del i tradisjonar og høgtider - Syng tradisjonssongar.	- Lære å dele og ta vare på kvarandre - Alle skal ha «ei hand å halde i»
Nærmiljø og samfunn	Blir kjent med barnehagen og nærmiljøet gjennom trille og gå-turar	- Utforskar sentrum og område rundt barnehagen - Haust kafé - Kjeldesortering
Tal, rom og form	- Leike med puttekasse, Duplo og enkle puslespel - Telle høgt saman med tilsette - Bygge, riv ned og øve på motoriske omgrep	- Bruk av talord i leik - Sortere og rydde leiker - Lære om fargar og former som sirkel, trekant og firkant

Fagområda	3-4 år	4-5 år
Kommunikasjon, språk og tekst	• Lytte til rim, reglar og eventyr • Øve på samarbeid og samtale i lek og kvardag • Kjenne att namnet sitt på papir • Samtalar ved måltid	• Viser interesse for leikelesing og skiving • Fortel samanhengande historier • Rim og reglar med uttaltrening • Lesegrupper og samtalar ved bordet • Spel som fremjar språk
Kropp,rørsle,helse	• Vidareføre grunnrørsler og balanseøvingar • Kjenne eigen kropp og kroppsdelar • Meir uteaktivitet og fysisk utfolding	• bruke slengtau, spele med klinkekuler og regelleikar. • Hinderløyper. • Songleikar og andre rørsleleikar som å springe, klatre, sykle og balansar
Kunst, kultur og kreativitet	• Rørsle til musikk, rolleleik, klipping, liming og teikning • Bruk av ulike materiale som Lego og togbane • Musikalsk formidling og dans	• Teater, rytmeinstrument, formingsmateriell • Samarbeid om større teikningar og gjenbruksidear • Bibliotek og rolleleik
Natur,miljø og teknikk	• Utforske endringar i naturen • Lage ting av naturmateriale og ete ute på tur • Kjeldesortering og lære om berekraft	• Besøk til gard og opplæring om vêr og vind • Omgrep som tung-lett, kort-lang • Presse blomster og blad • Kjeldesortering og berekraft
Etikk, religion og filosofi	• Markere høgtider og merkedagar • Snakke om vennskap, trøyst, deling og omsorg	• Barnekonvensjonen som grunnlag for samtalar • Markere høgtider og merkedagar •
Nærmiljø og samfunn	• Besøk til brannstasjon, kyrkje og bibliotek • Utvide turmål i nærmiljøet • Den kommunale morsmålsdagen	• Utforskar nye plassar som Hakallegarden, ishavsmuseet i Brandal og vikinghuset på Hjørungavåg. • Utvida kjennskap til barnehagereglane • Fellesskap og samspel med både born og tilsette
Tal, rom og form	• Teljing, puslespel og bygging • Øver på fargar, former og mengder, konkret språk knytt til på/av-kledning	• Arbeid med tal, mengde og sortering • Bruk av konstruksjonsleik bevisst og systematisk



Eit felles prosjekt: Når heim og barnehage jobbar saman

Dokumentasjon og vurdering – kva, kvifor og korleis?

Borna sine stemmer skal høyrast. I barnehagen vår er ikkje borna berre med – dei er aktive deltakarar i sin eigen kvardag. Gjennom samtalar, leik og observasjon tek vi del i deira tankeverd og fangar opp kva dei føler, meiner og undrar seg over. Vi lyttar med hjartet og ser med blikk for det unike i kvart barn.

Bileta som fortel historia. Når vi leikar, bakar, malar, utforskar ute i naturen eller har samling, tek vi bilete som fangar augeblikk, smil og samarbeid. Desse bileta blir ikkje berre hengde opp på veggen – dei blir også delt med borna, som får snakke om det dei har opplevd og oppdage kvarandre på nytt. For føresette er bileta ei bru til barnet sin kvardag- noko konkret å snakke om, le av og undre seg over. Du finn dei både på veggane våre og i Vigilo.

Foreldretavla – dagens glimt. I kvar garderobe heng ei tavle som gir deg eit lite innblikk i dagen. Her noterer vi det viktigaste som har skjedd – og eventuelle endringar i planane. Ein liten dagrapport, rett frå hjartet av barnehageverda.

Dagleg kontakt . Når du leverer eller hentar, får du den beste oppdateringa – direkte frå oss. Desse korte møta kan vere fulle av innsikt: ei hending, ei ny ferdigheit, ein god leik. Vi verdset dette møtet høgt, og brukar det framfor å kommunisere digitalt. Om dagen blir travel og du saknar praten, oppmodar vi deg til å ta kontakt – for ingen skal gå glipp av eit varm "hei" eller eit viktig "hadet".

Månadsbrev og planar framover. Etter kvar månad eller temaperiode skriv vi ei oppsummering av det vi har gjort, og kva som kjem. Det gir innsikt, inspirasjon og oversikt for dykk heime – og ei fin historie for barna å dele.

Dine vurderingar er gull verd. Når kontaktmøta nærmar seg, får de eit evalueringsskjema. Her får du høve til å dele tankar, tilbakemelding og idear. Vi lyttar – ikkje berre med penn og papir, men med opne sinn. I tillegg er foreldremøta og samtalanane ein fin arena for deg som ønskjer å påverke og forstå meir.



Samarbeidspartnerar i barnehagen – ein tverrfagleg innsats for barnets beste

Språkutfordringar og logopedssamarbeid- Barnehagen gir støtte ved språkvanskar og utfordringar med kommunikasjon. Det blir samarbeidd med logoped for å fremje språkutviklinga til barnet og styrke eit inkluderande språkmiljø.

Nærskulane-- Barnehagen skaper ein samanheng i barnet si utdanning gjennom overgangssamarbeid med skulen. Det finst ein eigen plan for samarbeid mellom barnehage og skule, der barnehagen deler relevant informasjon og tek del i planlegginga for å sikre ein god og trygg skulestart.

Kyrkja Barnehagen har eit samfunnsoppdrag i å støtte barnets utvikling, læring og trivsel. For å sikre heilskapleg oppfølging samarbeider barnehagen med fleire tverrfaglege aktørar. Dette skjer med vekt på tidleg innsats og inkluderande praksis for å møte barnet sine behov i ulike livssituasjonar.

Tverrfagleg team- Teamet består ofte av representantar frå barnehage, helsestasjon, støttande team, PPT, barnevern og andre aktuelle tenester. Vi drøftar saker som krev tverrfagleg kompetanse, og bidreg til samla vurderingar og systemtenking knytt til tiltak for barnet, familien og barnehagen.

PPT – Pedagogisk-psykologisk teneste PPT gir råd og støtte ved utfordringar med læring, utvikling og trivsel. Barnehagen samarbeider med PPT ved utgreiing av barn med særlege behov, og i arbeidet med individuelle tiltak og tilrettelegging.

Barnevern- Når det er uro for omsorgssituasjonen til barnet, samarbeider barnehagen med barnevernet. Barnehagen har meldeplikt og skal ivareta barnet sitt beste gjennom ei fagleg og omsorgsfull tilnærming.

Helsestasjon- Helsestasjonen er ein viktig aktør i det førebyggjande arbeidet og bidreg med helsefagleg kompetanse, rettleiing og oppfølging av barnet si fysiske og psykiske helse. Samarbeidet omfattar særleg språkutvikling, motorikk og sosialt samspel.

Logoped si rolle i språkutvikling- Ein logoped har spesialkompetanse på språk, tale, røyst og kommunikasjon. I barnehagesamanheng arbeider logopeden for å støtte barn som har utfordringar med språk og språkutvikling. Målet er å styrke barnet si evne til å uttrykkje seg og forstå andre.

FAU – Foreldre sitt arbeidsutval- FAU styrkar samarbeidet mellom heim og barnehage. Utvalet kan kome med innspel til aktivitetar, medverknad og tiltak som fremjar borna si oppleving av barnehagen.

SU – Samarbeidsutvalet SU er eit formelt organ der foreldre, tilsette og eigar er representerte. Utvalet sikrar medverknad og støttar barnehagen sitt utviklings- og kvalitetsarbeid.